


# Oseana

KUNST & KULTURSENTER

Årsmelding 2023



Oseana Kiki Smith tepper i foajeen



KUNST & KULTURSENTER

Oseana

## **STYRETS MELDING**

Det er med blanda kjensler at styret skriv si melding for 2023. Den økonomisk utfordrande situasjonen til vår eigar har også gitt reduksjon i kommunale overføringer til Oseana, og 2023 har dermed blitt eit år det dverre blei umogleg å levera eit overskot frå drifta.

Styret har nytta fleire møte til å diskutere kutt og effektivisering saman med tiltak som kan auke besøkstal, og aktivitetar som kan generere nye inntekter. Samarbeidet med administrasjonen har vore tett og godt. Styret vil takke administrasjonen for svært god innsats som har bidratt til at underskotet ikkje har blitt større enn det Oseana no kan levere for 2023.

Vi ser fram til vidare samarbeid der vi ikkje berre ser krevjande utfordringar som skal løysast dei neste åra. Vi ser også ei rekke store moglegheiter som kan utnyttast. Den nye vegen, og tunnelstrekket frå Bergen til Os er no ein realitet, og det er gode diskusjonar i styre og organisasjonen rundt kva dette og hotellplanane opnar av moglegheiter for Oseana.

Styret vil takka Bjørnafjorden kommune, sponsorar, leigetakrarar, artistar, frivillige og brukarar av Oseana for samarbeidet i 2023. Ein spesielt stor takk til Per Grieg Sr, og til Grieg Foundation for verdifull støtte.

Heilt frå oppstarten i 2011 har Oseana hatt ein stab som har strekt seg svært langt for å nå vår visjon om å vera "eit hus for opplevingar".

Styret vil rette ei stor takk til staben og til dagleg leiar, som i kraft av sine gode kvalifikasjonar og godt samarbeid, har levert opplevingar av særskilt høg kvalitet for våre mange brukarar, og publikum i 2023.

Styret Oseana KF



Sjøforsvarets Musikkorps



KUNST & KULTURSENTER

Oseana

## OSEANA SI UTVIKLING

Oseana sitt primære formål er å vere eit kunst- og kultursenter i form av eit brukshus for det lokale kulturlivet, i tillegg til å vere ein kulturell og sosial møteplass for eit breitt publikum med eit mangfald av profesjonelle kulturytringar, både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Oseana har heile Bergensregionen som sitt kjerneområde. Senteret skal vere "**eit hus for opplevingar**" for unge, eldre, amatørar og profesjonelle. Samstundes skal kulturhuset bidra til å utvikle Bjørnafjorden som ein attraktiv nærings- og bustadkommune. Det er gledeleg at vi registrerer jamt besøk frå heile fylket. Vi veit at møte mellom menneske, gode samtalar og fellesskap er noko vi alle treng i kvardagen.

Driftsåret 2023 har vore betre enn på lenge på publikumsida. Vi selde 1000 fleire billettar enn fjoråret og tente generelt meir per billett. Hausten 2023 var spesielt bra.

Programmet har vore variert og innhaldsrikt. Oseana skal ha noko for alle, ei breidde som spenner mellom klassiske perler på flygel, Vassendgutane og Lindesnes Trekkspillklubb, for å nemne noko. Vi held fram med det gode samarbeidet med Riksteatret, og Bergen Nasjonale Opera med *Opera ved Fjorden*-prosjektet. I tillegg til dei gode samarbeidsplattformane vi har med lokale aktørar, er slike regionale og nasjonale samarbeid viktige for å oppretthalde breidda i programtilbodet.

Også samhandlinga med Grieg Foundation og samarbeidet kring utviklinga av Oseana som kunstinstitusjon i regionen, er styrka i året som gjekk. Aktiviteten har auka betydeleg, både ved innkjøp av kunst, vidareføring av eigen kunstfestival og omvisingar i samlinga kvar veke.

Eit anna prosjekt er samarbeidet med Bergen Kulturskule om fylkesutstilling, som fann stad i april 2023 for tredje gong. Vi vil også trekke fram samarbeidet med AFF og Solstrandprogrammet. I 2023 var det 10-årsjubileum for dette samarbeidet som har fokus på samanhengen mellom kunst, kultur og leiing.

Dessverre gjer reduserte økonomiske rammevilkår frå Bjørnafjorden kommune og ein betydeleg prisvekst på alle område at 2023 likevel blei svært vanskeleg økonomisk. Vi ser også at 12 år med drift gjer at bygningsmassen treng auka vedlikehald.

Dette er ein alvorleg situasjon, og det har i løpet av året blitt gjennomført ei rekke tiltak for å imøtekome dei nye økonomiske rammene. Hovudeffekten av tiltaka vil vi se i 2024. Tiltaka er ein kombinasjon av effektivisering av drift og nye tiltak som kan auke antal besøkande og gje nye og auka inntekter.



Griegsamlingen



Griegsamlingen



Jubileumsutstilling 2023



KUNST & KULTURSENTER

Oseana

## **GRIEG KUNSTSAMLING OG GALLERI HVELVET**

Til saman var det sju forskjellige utstillingar i Grieg Kunstsamling og Galleri Hvelvet i året som gjekk, med om lag 9200 besøkande. Dette er ei god publikumsauke frå året før, men tala er noko usikre då vi har gratis inngang og begrensa registrering. Vi arrangerte også kunstnarsamtalar i samband med opningane, som var godt besøkte. Vi hadde i alt fem spesialomvisingar for menneske med demensdiagnose, som også er talde med her.

Grieg Kunstsamling er eigd av Grieg Foundation, og forvalta av Oseana. Samlinga er fundamentet for husets eksistens, og saman med programmet i Galleri Hvelvet, er den eit strålende utgongspunkt for å utvikle Bjørnafjorden vidare som kunstcommune. Frå 2023 har kunstsamlinga, som tidlegare bar namnet «Griegsamlingen», skifta namn til Grieg Kunstsamling. Med samlinga skapar vi rullerande utstillingar i Oseana, ofte i samarbeid med andre institusjonar eller kunstnarskap.

### **Kunstsommar på Oseana**

2023 var første året av Grieg Foundations treårige støtte for å skape meir aktivitet og formidling rundt kunsten på Oseana om sommaren. Idéen om ein kunstfestival blei med dette vidareført, i tillegg til ein ekspansiv og utadretta sommarutstilling og daglege omvisingar i juli. Festivalen blei gjennomført 27.–29. juli med tematikk henta frå sommarutstillinga og aktivitetar knytta til spel, cosplay og teikning.

Sommarutstillinga i 2023 var også eit forsøk på å nå nye publikumsgrupper utan å gløyme vårt faste publikum. Utstillinga heitte «Sølvpust», 5. mai–13. august, og handla om Fantasy, spel, og romantisk kunst. Vi samarbeidde både med universitet sitt fagmiljø og spelmiljøet, i tillegg til ein av dei største spelprodusentane i verda; Ubisoft.

I tillegg til Sølvpust, som var både i Griegsamlingen og Hvelvet, var det ei eiga utstilling i Oseanasalen 14. juli – 6. august. Store deler av rommet blei brukt til ei utstilling med samtidskunstnaren Bjørn Båsen og den bergenske tekstilkunstnaren Ragna Breivik (1891–1965). Kunstverka var i store format og det var monumentalt. Saman med utstillinga var det laga eit hefte og ein video/lydguide med middelaldervisa Åsmund Frægdegjevar og Gerhard Munthes illustrasjonar.

Utstillingane var godt besøkte, med ca 5000 publikum. Det var også tydelig at «menn 30+» var interesserte, ei publikumsgruppe som vanlegvis er vanskeleg å nå, i tillegg til barnefamiliar, då det var noko for alle generasjoner.

### **Samlingsforvaltning**

Hausten 2023 har vi fokusert på å leggje heile samlinga inn i den nasjonale museumsdatabasen Primus. Dette er eit viktig ledd i profesjonaliseringa av drifta av samlinga, fordi ein alltid har kontroll på kor alle verk er, og kan følge opp t.d. restaurering og utlån i sky. Primus er også kobla til Digitalt Museum, som er det viktigaste verktøyet for forskning og mellom-museal formidling i Noreg. Med dette er Oseana no ein del av det breie museumsnettverket, noko som over tid vil skape store ringverknader. Samlinga inneheld no nærmere 1000 verk.

### **Formidling**

Formidlingsprogrammet bestod av offentlege og private omvisingar og skulebesøk.

### **BEREKRAFTSFOKUS**

I 2023 har Oseana vidareført fokus på sin miljøprofil. Vi ønskjer å vere eit foregangshus på berekraft. Vi har eit teknisk avansert bygg, med eit solcellepanel på 540 kvm og eige varmepumpeanlegg i kjellaren. Gjennom fokus på energisparing har vi i 2023 brukt ca 3% mindre energi enn i 2022, og heile 25% mindre enn i 2016. Oseana er stolt samarbeidspartner med Miljøfyrtårn og Klimapartnere. Vi søker fortrinnsvis etter leverandørar og samarbeidspartnerar i marknaden, som også tenker berekraftig. Oseana oppgraderte sentralstyringsanlegget i 2023. Det gjer oss i stand til å energieffektivisere huset i større grad enn før. Vi har også bytta ut eldre lys med nye som bruker mindre energi. Oseana blei re-sertifisert som miljøfyrtårn i 2023.

### **OSEANALIVE**

2016-2017 etablerte Oseana prosjektet OseanaLIVE. Vi strøymer framsyningar frå Oseanasalen til sjukeheim, sjukehus og andre institusjonar der det bur menneske som av helsemessige årsaker ikkje har høve til å gå på konsert. Dette er ei gāve frå oss, artist og Kavlfondet. I 2023 har vi hatt ein pause i sendingane og brukt tid på å omorganisera prosjektet. Det er hausten 2023 investert i nytt streamingutstyr til huset, og prosjektet vil gjenoppstå i ny drakt i 2024.



Tilslørte bondepiker med konsert 2023



KUNST & KULTURSENTER

**Oseana**



Friskunst i Grieg Kunstsamling

#### **BJØRNAFJORDEN KULTURSKULE OG FRISKUNST**

Samarbeid mellom Oseana og Bjørnafjorden kulturskule er viktig. Kulturskulen har betydeleg kompetanse i pedagogikk og kunstfagleg læring. Dei har også opparbeidd seg produsentkompetanse og årets danseframsyning «Eit musikalsk eventyr» var nok ein gong ein suksess både for dei på scenen og dei som sat i salen. Ein ekstra takk til dansepedagog Patricia Langeland.

At vårt felles skuleprosjekt Friskunst bidrar til at heile fire skuletrinn får oppleve innhaldet i Oseana, er også noko som er verd å nemne. I 2023 fekk skulelever oppleve Bergen Filharmoniske Orkester og Sjøforsvarets musikkorps med Odd René Andersen i tillegg til Grieg Kunstsamling.

For Oseana er det viktig å vere ein god samarbeidspartner for Bjørnafjorden kommune. Vi ønskjer dessutan å spele ei sentral rolle i utviklinga av Os sentrumsforening, og samstundes vere ein aktiv pådrivar i arbeidet med å utvikle reiseliv og Bjørnafjorden som destinasjon.



Bjørnafjordkonferansen



Ingvild Tennfjord



Oseana Kafé og Restaurant

## ØKONOMI - Sjå vedlagt rekneskapsrapport for detaljar.

Årsresultat	2022	2023
Omsetning	18.784.310	17.759.389
Netto driftsresultat	-2 558 544	-2 561 919
Til inndekning i senere år (merforbruk)	0	- 672.040

Oseana KF blei i 2023 tildelt kr 5.889.000,- frå Bjørnafjorden kommune. For dette beløpet får kommunen tilbake ei rekke gjenytingar:

- Husleige for Bjørnafjorden kulturskule
- Tilskot til leige av øvingsrom for faste leidgetakrar: Os Musikkforening, Os Skulekorps og Os Swingklubb.
- Tilskot til lokale lag og foreiningar si leige av konsertlokale i Oseana

Oseana har hatt totale driftsinntekter inkludert private og kommunale tilskot på 17.7 mill i året som gjekk. Vi er privilegerte med fleire støttespelarar der Grieg Foundation står i ei særstilling. Det er like fullt bekymringsfullt at Bjørnafjorden kommune har stramma inn på dei økonomiske rammene våre, og korleis dette også påverkar kulturtilbodet i kommunen vår. Kulturdepartementet har ikkje erstatta gaveforsterkingsordninga som også Oseana nytte godt av. Dette, saman med betydeleg prisvekst på alle økonomiske områder og eit aukande vedlikehaldsbehov på bygget, har dessverre resultert i at vi ender opp med eit underskot/meirforbruk på kr 672.040,-

Det er gjort fleire tiltak både i 2023 og 2024 for tilpassa oss dei nye rammene, både med reduksjon i staben og endring i program.

### AKTIVITETANE:

- 92 kulturarrangement
- 43 kurs, møte og/eller lukka selskap
- 9 utstillingar og kunstsamtalar i Hvelvet og Griegsamlingen
- 51 omvisingar i Grieg Kunstsamling.

### Aktivitetsanalyse:

Publikumstala viser at vi har hatt eit totalt besøk på om lag 56.000 i 2023. Dette er ei svak auke frå året før, men framleis eit stykke unna rekordåret 2019 då talet låg på om lag 80.000. På kulturarrangement og Griegsamlingen er besøkstalet 32.633. Årsaka til auka er primært auka sommaraktivitet i Griegsamlingen.

Til kurs og lukka selskap med meir, har vi hatt eit besøkstal på 2800 fordelt på 43 arrangement. Dette er ein betydeleg nedgang frå 69 arrangement i 2022.

Totalt presenterte Oseana 92 kulturarrangement, det same som året før.

Dei faste brukarane våre, knytt til undervisning i Bjørnafjorden kulturskule og øvingar for medlemmar i frivillige lag og organisasjonar, utgjorde om lag 20.000. Tala må sjåast på som eit estimat. I tillegg til dei registrerte besøkstala kjem gjestar i restauranten og andre besøkande.


Etter fleire år med svakt besøkstal og økonomisk tap kring drifta, valde vi i 2023 å avslutta samarbeidet med Bygdekinoen. Konkurranse frå Lagunen kino, i tillegg til generell nedgang i kinobesøk på landsbasis, er ein viktig årsak til det svake besøkstalet.

Publikumstal 2023 vart fordelt slik:

Kulturbesøkjande - BillettSERVICE/anna	23433
Griegsamlingen / Hvelvet	9200 (anslag grunna gratis inngong)
Grupper (Konferanse, event, merkedagar etc.)	2800
Bjørnafjorden kulturskule, brukarar	14000 (anslag i høve til elevtal)
Lokale lag og foreiningar, brukarar	6000 (anslag)
Totalt besøk	<b>56033</b>



### Samanlikning mellom 2022 og 2023



### KOMMUNIKASJON OG MARKNADSFØRING:

Oseana kommuniserer primært mot publikum gjennom:

- Web-side [www.oseana.no](http://www.oseana.no)
- Sosiale medium og nyheitsbrev
- Annonsar
- Elektroniske info-skjermar i Oseana, Osbadet, Amfi Os, Kommunetorget på Rådhuset og Fjord'n senter.
- Pressemeldingar /redaksjonelle oppslag
- Plakatar og direkte sal
- Digital marknadsføringsstrategi i samarbeid med Breakfast AS
- Video bla «Månedens Bilde» i Grieg Kunstsamling.
- Ny billett-APP i 2024

## ORGANISASJONEN

### Tilsette

Oseana kunst- og kultursenter hadde ved utgongen av 2023 følgjande tilsette:

Direktør	Ole Tobias Lindeberg
Arrangementssjef	Berit Steen
Teknisk leiar	Eirik Berggreen
Leiar, marknad og kommunikasjon	Veronica S. Halhjem
Arrangementsteknikar	Jens Lassen
Kunstfagleg leiar	Evelyn Holm
Kurator	Jørgen Larsson *
Resepsjonsansvarleg	Anne Kristine Tøsdal
Resepsjonist	Hilde Bakke
Reinhaldar	Marianne Helland
Arrangementsvert /resepsjon	Susanna De Groot

\*Kuratorstillinga er ei prosjektstilling finansiert av Grieg Foundation.

Blant dei fast tilsette er kjønnsfordelinga 65 % kvinner og 35 % menn.

Med unntak av artistar og teknisk personell knytt til gjestande produksjonar, utgjorde den årlege arbeidsmengda i Oseana kunst- og kultursenter 10 årsverk, fordelt som følgjer:

Fast tilsette	9,3 årsverk
Ekstrahjelp	0,7 årsverk

2023 har vore prega av utskifting i organisasjonen. I alt fire tilsette, som er ein betydeleg del av organisasjonen, har bytta jobb i året som gjekk. Ei stilling vil bli stående vakant i 2024 pga den økonomiske situasjonen.

Det er lagt vekt på å skape ein fleksibel og effektiv driftsorganisasjon, med færrest mogleg fast tilsette. I vår region er dette mogleg, fordi det finst fleire større kulturarenaer og eit profesjonelt frilansmiljø, som kan yte teknisk betening til ulike produksjonar. Vi har i 2023 knytt oss sterkare til Fusa Lyd og Lys som teknisk leverandør.

### Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Sjukefråvær for dei fast tilsette var i 2023 på 4.9%.

Det blir jobba jamleg med arbeidsmiljøet, og vi har gjort fleire ulike tiltak i 2023 for å få det endå betre saman og for at Oseana skal halde fram å vere ein attraktiv og god arbeidsplass.

Det er ikkje registrert alvorlege hendingar for eigne tilsette i driftsåret 2023. Det er etablert eit nært samarbeid med Bjørnafjorden brann og redning, med fokus på krisehandtering og evakuering. Alle frivillige har fått grunnopplæring. Oseana sin stab er organisert i Delta. Bedriften har eigen tillitsvald og verneombod.



Dei frivillige betyr mykje på Oseana – her saman med arrangementssjef Berit Steen.

#### **Drift av huset og frivillighet**

Vi merker at bygget har blitt tolv år gammelt.

I 2023 har vi gjort følgjande oppgraderinger:

- Ny personheis i foajé
- Nytt sentralstyringsanlegg (SD anlegg)
- Nytt lydanlegg i Oseanasalen
- Ny lydmiksar i Oseanasalen
- Nye taklys i foajé og ute foran restaurant.

Oseana har nærmere hundre faste frivillige som bidreg stort til både små og store arrangement. I staben set vi utruleg stor pris på kvar og ein av desse. Oseana vil nytta høvet til å takka for fantastisk innsats i året som gjekk.

Alle arrangementa blir avvikla ved hjelp av faste årsverk, samt innleidd personell. Vi har ofte behov for å leiga inn riggehjelp til ulike produksjonar, her har vi gode avtaler med frivillige lag og Vartun oppfølgingssenter i Bjørnafjorden kommune.

## **STYRESAMSETNING**

Styret i Oseana kunst- og kultursenter hadde i desember 2023 følgjande samansettning:

### *Styremedlem*

Daniel Skotheim (leiar)

Audun Hasti (nestleiar)

Anita N Kristiansen

Kenneth Smørdal

Eirik Berggreen

Ruth Elin Midtbø

Henriette Tverli Dale

### *Varamedlem*

1.vara Ruth Elin Midtbø

2.vara Terje Raunsgård

3.vara Jeanett Kallekleiv

Ansatterepresentant Anne Kristine Tøsdal

Styret har gjennomført 5 møter, samt eit styreseminar i 2023. Det vart samla utbetalt kr. 88.145 i styrehonorar.

## **DAGLIG LEIING**

Føretaket sin daglege leiar har vore Ole Tobias Lindeberg.



KUNST & KULTURSENTER

**OSEANA**

*Styremedlemmars signatur*

Daniel Skotheim (leiar)

Daniel Skotheim

Daniel Skotheim (Mar 4, 2024 14:31 GMT+1)

Ruth Elin Midtbø

Ruth Elin A. Midtbø

Ruth Elin A. Midtbø (Mar 7, 2024 21:14 GMT+1)

Eirik Berggreen

Eirik Berggreen

Eirik Berggreen (Mar 4, 2024 13:21 GMT+1)

Kenneth Smørdal

Kenneth Smørdal

Kenneth Smørdal (Mar 6, 2024 17:34 GMT+1)

Ole Tobias Lindeberg

Direktør

Audun Hasti (nestleiar)

Audun Hasti

Audun Hasti (Mar 4, 2024 14:20 GMT+1)

Anita N. Kristiansen

Anita Nysæther Kristiansen

Anita Nysæther Kristiansen (Mar 5, 2024 15:45 GMT+1)

Henriette Tverli Dale

Henriette Tverli Dale

Henriette Tverli Dale (Mar 6, 2024 13:02 GMT+1)

Os den 09.03.2024



KUNST & KULTURSENTER

**Oseana**